



# Valldal Idrettslag

## Referat styremøte 13. juni kl 19.30 – klubbhuset

Til stades:

Einar Hoel, Anders Rem, Trond Håvoll, Anne Nygård

Fotball v/Anett Steinnes

Ski v/Jan Ole Fuglem

Trim v/Andreas Håvoll

Diskspport v/Richard Moen

Friidrett v/Magne Eivind Glomnes

Forfall:

Silje Grønning

Odd Lennart Vikene

### Saker

#### 18/19 Informasjon frå grupper og styret

##### **Skigruppa:**

Sesongen over. Storfjordlangrenn startar opp med samling no til helga, 8 deltakarar + 1 hospitant frå Valldal. Oppstart ordinær treningar ved skulestart. Skytetrening på Krikane. Har løparar som får vere med i Nordfjord team rekrutt, skiskyting.

##### **Trimgruppa:**

Sykeltrim 1. mai, 145 deltakar trass dårleg ver. Gjekk som planlagd. Ut plassering av trimpostar ikkje heilt ferdig. Det har vore litt skifte av postar.

##### **Fotballgruppa:**

Programblad er ferdig, fint produkt og godt resultat. Vert distribuert denne veka. Har fått nye drakter til seniorlaget frå Sparebanken Møre. God oppslutning av publikum på første seniorkamp. Tine fotballskule i august. Litt treg påmelding, men vil verte oppfylt. Aafk invitert til besøk i samband med 100 år. Straum til kiosk på kunstgrasbana under arbeid, står att installasjon. Reparert gjerde mot Torsvik og sett inn port.

##### **Diskspport:**

Mykje aktivitet. Tre deltakarar med på eurotur på Vestnes. "Brutal" oppleving, høgt nivå. Mykje arbeid å halde vedlike baner. Fått plattningar til utkastfelt. 4x1,5 meter. Kunstgras på plattningar manglar. Nokon som har noko til overs? Vekas runde gjeng som vanleg, ikkje så mange som er med akkurat no

##### **Friidrett:**

Friidrettscup også i saman med Liabygda. To cupar avvikla hittil. Neste 20. juni. Ca 40 deltakarar på første cup. Lite liabygdarar er med, men også få barn i Liabygda. Storfjordstemnet 29. august i Eidsdal. Vurdere nytenking vedr cup neste år. Ny kommunestruktur, men lite interesse for friidrett i Stordal. Ikkje medlem i friidrettsforbundet.



# Valldal Idrettslag

## **Styret :**

Var med å hjelpte til på aktivitetstetsdag for personar med nedsett funksjonsevne 4. mai.  
Årsmøte i Norddal idrettsråd

## **19/19 Status for sommararrangement**

Mefjellet opp 22. juni

Planlegging har pågått over lang tid og er vel "i rute". Arbeidslister er utsendt. Spent på deltaking og veret. God sponsorinntekt, også kommune og fylkeskommune støttar arrangement.

Olsok 27. juli

Hovedkomite oppnemnd og har hatt møte med fordeling av oppgåver og sett opp arbeidsgrupper. Program for laurdagen for det meste klart. Frode Alnes er programleiar og musikanter. Matkomite er i arbeid. Felles sponsergruppe for Mefjellet og Olsok. Lotteri med førehandssal. Mosjonsløp under kontroll. Nødvendig å kjøpe inn nytt telt etter det som vart øydelagd i fjor. Arbeidslister vert sett opp og sendt ut etter Mefjellet opp. Vurdering om det er muleg med rulleski på Murigrandane, etter at arrangement på kaia er ferdig.

## **20/19 Klubbhuset**

## **21/19 Arbeidsplan 2019**

## **21/19 Æresmedlemskap**

## **22/19 Møteplan haust 2019**